

Klart til å syast saman

Randi Olsen

-Eg kjenner det så smått innvortes, for det er jo ein gigantisk produksjon. No er me inne i den siste øvingshelga før framsyninga skal setjast i amfiet. Då går nok både dagane og nettene med.

Ho ser overraskande roleg ut, Birgit Amalie Nilssen, der ho har ei hand med det meste somskjer på Svortland skule på Bømlo. Blid og smilande, roleg og imøtekommande. Om berre knappe åtte veker er det premiere på den tre timar lange framsyninga om Victor Hugo sin verdskjende franske fridomskjempar, Jean Valjean.

Arbeider tredimensjonalt

Og etter kvart som Nilssen fortel kva som foregår i kulissene i tillegg til øvingshelgene, får me meir og meir respekt for det enorme arbeidet som no foregår. – Ja, den 13.juli starter øvingane i amfiet, då skal alt vera klart til å syast saman, seier ho.

- Då skal alle tekstane sitja, alle songstemmene skal vera inne, alle kostymene skal vera ferdige, alle kulissar skal vera klar, teknikken skal vera på plass, då brakar det laus. Då vert det ikkje tid til noko anna enn framsyninga, seier ho bestemt.

På førehand har ho fått utarbeidd eit redimensjonalt dataprogram med scenario frå amfiet, som ho har nytta til å leggja ein del regissørgrep for seg sjølv på førehand. – Eg har brukt det ganske flittig i førebuingarbeidet til regissørjobben, for når me møtest i amfiet, har me ikkje meir enn tida og vegen til premieren, seier ho. Mellom anna har ho "plassert" seg sjølv på ulike publikumsplassar i amfoet (på skjermen) for å få oversikt over kor dei ulike aktørane bør vera for at publikum skal få best mogeleg utbytte av framsyninga. – Det er mest uvurderleg, seier ho. – For her skal alt vera klart til innsats når me alle møtest på scena.

Ventar besøk av produsenten

- Du ser roleg ut, og verkar å ha alt under kontroll. Stemmer det?

Ho smiler like roleg. – Klart eg kjenner det både her og der. Det skumlaste eg ser for meg er det som kan skje utanfor vår kontroll. At nokon snakkar i mobiltelefon utanfor portane og slår ut eller påverkar teknikken vår. Men elles føler eg at eg har kontrollen på det meste, seier Birgit Amalie Nilssen. Alle hovudrollene har reserve i tilfelle sjukdom, og elles hevdar ho dei har tenkt på det aller meste som kan skjera seg.

- Kva med rettshavarane? Kjem det nokon for å sjå til at de held dykk til avtalar og slikt?

- Ja, det kan nok henda. Me har hatt eit tett og konstruktivt samarbeid med Cameron MacIntosh som er produsent og sit på rettene til musikalen. Han er kjend for å vera streng, men me har hatt ein god dialog og alt me skal gjera er godkjent av han på førehand. Eg ser no likevel ikkje bort frå at han, eller ein annan, tek turen til Moster Amfi i løpet av den siste veka før premieren, seier regissøren.

Det er allereie selt over 2000 billetter til dei åtte framsyningane i Moster Amfi, og Teamet bak er svært nøgde med at dei hae lege på Posten si fem-på-topp-liste i fleire veker. Enda til har dei vore på førsteplass. – Det som også er kjekt er at det ryktast at me har denne framsyninga på gang. Me får framleis fleire henvendingar frå profesjonelle skodespelarar som ynskjer å få delta. Det viser at me blir tekne seriøst, og det set me sjølvsagt pris på. Men det forpliktar jo óg, seier Nilssen.

Med skrekkblanda fryd

Han Gunnar Skreslett er musikkansvarleg for framsyninga.

-Orkesteret, som har ein slags symfonisk besetning med forsterka tangent og slagverk, er sett saman av lokale, regionale og nasjonale muskarar, personer som me kjenner og har kontakta. I ei slik framsyning der dei skal samspela med både profesjonelle og amatørar, er det veldig viktig at kjemien stemmer, at dei veit kva dei gjev seg ut på. Slik sett er nok orkesteret til Mostraspelet eit godt døme, seier Skreslett. Han skal snart senda ut notematerialet til muskarane sine, og så møtest dei i amfiet 31.juli. Då blir det tre reine orkesterprøvedagar, eit par prøvar med solistane, og fire prøvekveldar med heile ensemblet.

-Kva blir den største utfordringa for deg og orkesteret?

-Det blir kommunikasjonen med aktørane på scenen. Heile amfiet skal brukast, det er nokså store avstandar, så det blir utfordringa. Me har løyst dette ved at eg skal kommunisere med aktørane via skjerm. Eg skal følgja framsyninga via ein liten skjerm, slik at eg kan sjå at me er der me skal vera til ei kvar tid. Det er litt av eit opplegg med over 100 aktørar til stades, og eg går til oppgåva med skrekkblanda fryd, vedgår Skreslett. Han er sær imponert over det tekniske teamet rundt framsyninga. – Dei er utruleg kreative og engasjerte. Dei står på, og det er ingenting dei ikkje kan finna ei løysing på, seier Hans Gunnar Skreslett.